

TYSNES KOMMUNE



INFORMASJON TIL NYTILSETTE

Me vil ønskja deg velkommen som medarbeidar i Tysnes kommune!

Informasjonen rettar seg først og fremst til deg som er nytilsett i kommunen, men også dei som har vore tilsett i kommunen ei tid, kan ha nytte av å lesa dette skrivet.


Mål

Tysnes kommune har til føremål å yta service og tenester til innbyggjarane i kommunen. Sagt enklare: Me skal tena innbyggjarane i kommunen. Kommunen har fleire oppgåver å løysa i dag enn før, og dei tilsette vert stilt overfor stadig større krav. Kva haldningar du og dine medarbeidrarar har, vil virka på måten oppgåvene vert utført. Innsats og lagånd hos personalet står sentralt. Til sjuande og sist vil det vera samarbeidet mellom dei tilsette i kommunen som avgjer kor godt og effektivt kommunen klarar å løysa oppgåvene.

Me trur denne oppgåva kan verta enklare dersom me som arbeidar her vert betre kjent med vår eigen kommune og arbeidsplass.

Kommunal organisasjon

Kommunen er delt opp i etatar/kontor som har ansvar for ulike oppgåver. Me viser ein forenkla modell som syner korleis Tysnes kommune er organisert politisk og administrativt:



I Tysnes kommune er det ca. 330 tilsette fordelt på omlag 200 årsverk. Dei fleste er tilsett innan helse- og sosialetaten. Arbeidsplassane finn me over heile øya; barnehagar, skular, pu-bustadar, sjukeheim og aldersheim for å nemna noko. Administrasjonen er lokalisert i Uggdal.

Oppgåver innan etatane/kontora

- | | |
|---------------------------|--|
| Sentraladministrasjon: | rådmannskontor og
økonomikontor med bl.a.
personal, data, næring, miljø, kultur, skatt, løn,
rekneskap, budsjett og andre hovudfunksjonar |
| Helse- og sosialkontor: | sosialavdeling, helseavdeling og pleie- og
omsorgsavdeling. |
| Skulekontor: | barnehagar, barne-, ungdoms og kulturskule |
| Landbruk-og teknisk etat: | brann- og byggjesak, drift, anlegg og eigedoms-
forvalting, kart og oppmåling, jordbruk og
skogbruk. |

Plikter og rettar

Tilhøvet mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar byggjer på prinsippet “yting mot yting”. Arbeidstakaren stiller arbeidskrafta si til disposisjon for arbeidsgjevaren og mottek løn. Tilsetjinga er regulert gjennom ei rekke lover, avtalar og sedvaner.

Arbeidstakar:

utfører arbeid i annan si teneste. Arbeidstakar stiller arbeidskrafta si til disposisjon og underordner seg arbeidsgjevaren si leiing og kontroll av arbeidet. Alle tilsette i Tysnes kommune plikter å arbeida i samsvar med kommunen sine mål og planar, og retta seg etter dei instruksar og retningsliner som vert gjevne av overordna leiar.

Arbeidsgjevar:

I Tysnes kommune er det kommunestyret som er arbeidsgjevar. I administrasjonen finn me leiarar som fungerer i arbeidsgjevaren sin stad. Øvste administrative leiar er rådmann, etatsjefane ligg direkte under rådmannen, medan leiarane på arbeidsplassane t.d. avdelingsleiar og styrar ligg igjen under etatsjefane. Arbeidsgjevar skal sjå til at rettar og pliktar vert haldne i høve til gjeldande lover og avtaleverk. Arbeidsgjevar skal stilla krav og visa omsorg, skapa motivasjon - hindra demotivasjon, utøva leiing og forventa lojalitet.

Personalet er ein viktig ressurs, og kommunen har ansvar for at tilhøva er lagt til rette for eit godt og triveleg arbeidsmiljø.

Medverknad

Tilsette skal kunna ha medverknad over sin eigen arbeidssituasjon og arbeidsplass. Samarbeid, medråderett og medansvar frå arbeidstakarane er viktig for å skapa eit godt forhold mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar.

Ein kanal arbeidstakarane kan fremja sine synspunkt gjennom, er arbeidstakarorganisasjonane. Nokre av dei organisasjonar du kan vera organisert i er: Kommunalansattes Fellesorganisasjon, Utdanningsforbundet, Norsk Sjukepleiarforbund og Fagforbundet.

Tillitsvalde er valde til å representera arbeidstakarane som er medlem av det einskilde forbund. På dei fleste arbeidsplassane vil du finna ein tillitsvald (plasstillitsvalde). I tillegg har nokre forbund hovudtillitsvalde som har til oppgåve å koordinera arbeidet til plasstillitsvalde. Leiaren på arbeidsplassen vil kunna informera meir om kven som er tillitsvald på din arbeidsplass og kven som er hovudtillitsvald. Dersom det skulle oppstå problem mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar, skal desse søkjast løyst gjennom ordninga med tillitsvalde.

Tysnes kommune har 11 verneombod. Hovudoppgåva til verneombodet er å ivareta arbeidstakarane sine interesser i saker som vedkjem arbeidsmiljøet. Verneomboda er arbeidstakarane sine representantar på arbeidsplassen/ arbeidsplassane, dei skal representera arbeidstakarane uavhengig av forbund. Kven som fungerer som verneombod på din arbeidsplass vil du finna oppslag om på arbeidsplassen og i internkontrollhandboka. I kommunen er det 1 hovudverneombod som m.a. har til oppgåve å samordna oppgåvene til verneomboda. Hovudverneombodet er også medlem av arbeidsmiljøutvalet. Arbeidsmiljøutvalet si oppgåve er å arbeida for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø.

Arbeidstakarane er også representert i administrasjonsutval (løns- og personalsaker), i attføringsutval (organ som arbeidar for at yrkeshemma arbeidstakarar skal ha eit arbeid) og AKAN-utval (Arbeidslivets komite mot alkoholisme og narkoman).

Pensjonsordning

Pensjonsordninga i KLP - Kommunal Landspensjonskasse - gjeld alle tilsette med arbeidstid på minst 14 timer i veka. Arbeidsgjevar vil syta for at du vert meldt inn. Medlemskap i KLP gjev rett til ytingar som alderspensjon og uførepensjon. Alle tilsette betalar i dag 2% av bruttoløna inn til KLP. I tillegg betalar arbeidsgjevar omkring 15%. Pensjonsordninga garanterer tilsette ein samla alders-/uførepensjon på minst 66% av pensjonsgrunnlaget ved full opptening. Arbeidstakarar kan no fråtre stillinga ved 62 år under særskilde vilkår (AFP). KLP- kontakt i kommunen, Eva Storetvedt Lien, held til på rådmannskontoret, 2. høgda i kommunehuset.

Seniorpolitikk

Tysnes kommune har vedteke seniorpolitiske retningsliner der hovudmålsetjinga er å ha ein arbeidsgjevarpolitikk som fører til at dei fleste arbeidstakarane vel å stå i arbeid fram til oppnådd aldersgrense.

Yrkesskade- og gruppelivsforsikring

Ved yrkesskade eller yrkessjukdom får alle arbeidstakarar erstatning etter dei reglar som gjeld. Arbeidstakarar vil også koma inn under gruppelivsforsikring, dvs. at det ved dødsfall vert betalt ut ein eingongssum til ektefelle/sambuar som har vorte forsørgd av arbeidstakaren. Erstatning vert også gjeve når tilsette vert skada ved ulykke på direkte reise mellom heim og arbeidsstad og på tenestereise.

Sjukelønsordninga

Generelt gjeld bruk av eigenmelding ved sjukefråvær på inntil 8 kalenderdagar. Eigenmeldingar kan nyttast inntil 24 dagar per år. Sjukemelding frå lege må leggjast fram ved lengre fråvær enn 8 dagar. Retten til permisjon grunna barn eller barnepassar sin sjukdom kjem utanom.

Dersom du vert sjuk, må du gje melding til arbeidsgjevar så snart som mogeleg og seinast første fråværsdag. Eigenmeldinga vert å levera leiar første arbeidsdag etter sjukefråværet. Du må ha vore tilsett i kommunen i 2 månader før eigenmelding kan nyttast. Leiaren på arbeidsplassen vil kunna orientera deg nærmere om dette.

Permisjonsreglement

Det er utarbeidd eige permisjonsreglement for Tysnes kommune. Ta kontakt med leiaren på arbeidsplassen som viser deg kor du kan finna reglementet, eller du kan henta det ned frå www.tysnes.kommune.no.

Fråværsoppfølging

I kommunen arbeidar me for å få til faste rutinar for oppfølgjing av sjukemelde. Me ønskjer å skapa ein kultur der leiarar og kollegaer viser interesse og omsorg for den som er sjukemeldt. M.a. ser me det som viktig at kontakten mellom den sjukemelde og arbeidsplassen vert oppretthalde både ved kortvarig og langvarig sjukefråvær. Det er viktig at rutinane vert diskutert mellom nyttilsett og leiar, slik at du på førehand vert gjort kjent med dei rutinane som gjeld.

Tysnes bedriftshelseneste

I Tysnes kommune er alle tilsette, som har 50% stilling eller meir, også medlem av Tysnes bedriftshelseneste. Tenesta har ei fri og uavhengig stilling i arbeidsmiljøspørsmål og skal hjelpe oss i arbeidet med å skapa sunne og trygge arbeidsplassar. Bedriftssjukepleiar og bedriftslege har kontor på helse- og sosialkontoret, 1. høgda i kommunehuset.

Kort om teieplikt

Som tilsett i offentleg teneste vil du i mange høve møta krav om teieplikt. For nokre grupper som t.d. sjukepleiarar og sosialarbeidrarar er teieplikta lovfesta. Sjølv om mange tilsette ikkje kjem inn under den lovfesta teieplikta, vert dette ein del av arbeidsmoralen i kommunen. I ein liten kommune som vår, må teieplikta vurderast strengt.

Dette skrivet er meint å vera ei kort orientering til nytilsette om organisering, rettar og plikter, samt ulike ordningar som gjeld for tilsette i Tysnes kommune. Me vonar du har fått svar på nokre av dei spørsmåla som ein vil stilla seg som nytilsett. I den første tida vil du ha nytta av å venda deg til kontaktpersonen som er peika ut og leiaren på arbeidsplassen.

Me vonar du vil trivast i Tysnes kommune!